

2024-2027

Kommunal planstrategi

PLANSTRATEGI FOR ASKVOLL KOMMUNE
2024-2027

VEDTATT AV KOMMUNESTYRET 12.02.2025, SAK KOM 009/25



Innhald

| | | |
|----------|---|-----------|
| 1 | Innleiing | 3 |
| 1.1 | Kvifor blir planstrategi utarbeidd? | 3 |
| 1.2 | Det kommunale plansystemet | 3 |
| 2 | Rammer og føringar | 5 |
| 2.1 | Nasjonale føringar | 5 |
| 2.1.1 | FN sine berekraftsmål som ramme | 5 |
| 2.1.2 | Nasjonale forventningar til kommunal planlegging | 6 |
| 2.1.3 | Forventningsbrev frå Statsforvaltaren | 6 |
| 2.2 | Regionale føringar | 7 |
| 2.2.1 | Forventningsbrev frå Vestland fylkeskommune | 7 |
| 2.2.2 | Regional planstrategi: Utviklingsplan for Vestland 2024-2028 | 7 |
| 2.2.3 | Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027 | 8 |
| 2.2.4 | Regional plan for klima 2022-2035 – Vestland fylkeskommune | 8 |
| 2.2.5 | Andre regionale planar | 8 |
| 2.3 | Kommunale kunnskapsgrunnlag | 9 |
| 3 | Utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll | 10 |
| 3.1 | Folketalsutviklinga | 10 |
| 3.2 | Folkehelse og levekår | 11 |
| 3.3 | Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur | 11 |
| 3.4 | Næringsliv og sysselsetjing | 12 |
| 3.5 | Klimaendringar og klimatilpassing | 12 |
| 3.6 | Kommunal tenesteyting | 12 |
| 3.6.1 | Helse og omsorg | 13 |
| 3.6.2 | Oppvekst | 13 |
| 3.6.3 | Samfunn og teknikk | 14 |
| 3.6.4 | Sentraladministrasjonen, Interkommunale tenester og finansielle føremål | 14 |
| 4 | Askvoll kommune sitt planverk | 15 |
| 4.1 | Gjeldande planstrategi (2020-2023) | 15 |
| 4.2 | Prioritering av planinnsats | 17 |

| | | |
|-------|---|----|
| 4.3 | Vurdering av planbehov | 17 |
| 4.3.1 | Kommuneplanen sin samfunnsdel | 17 |
| 4.3.2 | Arealplanar | 18 |
| 4.3.3 | Økonomi- og handlingsplan, verksemdsplanar og øvrige planar | 19 |
| 5 | Planoppgåver 2024-2027 | 22 |

1 Innleiing

1.1 Kvifor blir planstrategi utarbeidd?

Planstrategien skal avklare kva planoppgåver Askvoll kommune skal prioritere i inneverande kommunestyreperiode. Føremålet med planstrategien er mellom anna å få oversikt over

- kva for planar kommunen har
- kva for planar som bør reviderast
- kva for planar som bør gå ut
- kva for nye planer som bør bli utarbeidd

Planstrategien er eit viktig politisk styringsverktøy for å legge til rette for ønska utvikling. Prioriteringane av planar må ta utgangspunkt i kommunen sine utfordringar, og tilpassast tidlegare erfaring med planlegging, ressursar og kapasitet i kommuneorganisasjonen. Kommunen må òg ta omsyn til forventingar og krav frå nasjonale og regionale styresmakter.


Kommunestyret skal minst éin gong i kvar valperiode, og seinast innan eitt år etter konstituering, utarbeide og vedta ein kommunal planstrategi (plan- og bygningslova §10-1). Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, medrekna langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden. I planstrategien skal kommunen ta stilling til om kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal reviderast.

I forkant av arbeidet med planstrategien har kommunen utarbeidd kunnskapsgrunnlaga «Utviklingstrekk i Askvoll 2024» og «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2023-2027». Desse byggjer på lokal, regional og nasjonal statistikk og syner utvalde utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll kommune. Dokumenta dannar med det eit grunnlag for å vurdere planbehovet i kommande periode, og skal bidra til at planlegginga vår vert behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn naudsynt.

1.2 Det kommunale plansystemet

Det kommunale ansvarsområdet er mangfaldig, og planproduksjonen omfattar både samfunnsutvikling og kommunal drift. For å systematisere drifta, brukast ulike plantypar etter plan- og bygningslova, temaplanar, verksemdsplanar, utgreiingar og andre rammedokument som verktøy. Målet er å setje politikk i system og ut i praksis, enten det gjeld areal-, skule-, helse- eller økonomisk politikk.

Plan- og bygningslova krev at kommunane har ein kommuneplan med handlingsdel knytt til økonomiplanen, og at dei lagar reguleringsplanar for større bygge- og anleggstiltak. Planbehovet og om kommuneplanen skal reviderast, vurderast i planstrategien. Det er òg enkelte direkte plankrav i sektorlover, spesielt knytt til verksemdsplanar og tilskotsordningar som til dømes spelemidlar. Utover dette bestemmer kommunen sjølv kva planar dei treng.



Figur 1. Det kommunale plansystemet med «fireårshjulet» og «årshjulet» der kommunal planstrategi, kommuneplanen og kommuneplanen sin handlingsdel med økonomiplan utgjør «ryggrada».

2 Rammer og føringer

2.1 Nasjonale føringer

2.1.1 FN sine berekraftsmål som ramme

Berekraftsmåla skal hjelpe oss til å løfte blikket, styre i rett retning og utvikle gode løysingar lokalt, som òg bidreg globalt. Lokal handling er avgjerande for å nå dei globale måla. Berekraftig utvikling handlar om å imøtekomme behova og gje betre levekår for folk i dag, utan å øydelegge livsgrunnet for framtidige generasjonar. Regjeringa forventar at kommunane legg dei 17 berekraftsmåla, dei nasjonale klima- og miljømåla og lokalt folkestyre til grunn for samfunns- og arealplanlegginga, og legg til rette for trygge, berekraftige og levande lokalsamfunn.



Figur 2. FN sine 17 berekraftsmål.

Å arbeide for ei berekraftig utvikling handlar om å sjå det vi gjer i breitt perspektiv. Alle aktivitetar og avgjerder må bli vurdert opp mot alle dei tre dimensjonane sosial, økonomisk og økologisk berekraft. Det inneber at vi ikkje alltid kan gjere det som fell oss enklast, eller er mest lønsamt i augeblikket. For at vi skal nå berekraftsmåla må alle delar av samfunnet bidra.



Figur 3. Samanheng mellom dei ulike berekraftsmåla.

Folkehelsearbeid har mykje til felles med den sosiale dimensjonen i FN sine berekraftsmål. Både sosial berekraft og folkehelse handlar om å fremje ei samfunnsutvikling som:

- Sett menneskelege behov i sentrum
- Gir sosial rettferd og like sjansar for alle
- Legg til rette for at menneske som bur i lokalsamfunnet, kan påverke forhold i nærmiljøet og elles i kommunen
- Legg til rette for deltaking og samarbeid

2.1.2 Nasjonale forventningar til kommunal planlegging

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Dei nasjonale forventningane for perioden 2023-2027 har som mål å fremje ei berekraftig utvikling i heile Norge. Forventningsdokumentet samlar dei viktigaste prioriteringane regjeringa har på planområdet for den komande fireårsperioden. Føremålet er å etablere eit felles grunnlag for fylkeskommunane, kommunane og statlege styresmakter, slik at planprosessane blir effektive og målretta og at ein unngår unødige motsegner. Regjeringa tek utgangspunkt i fem overordna perspektiv; sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, samfunnstryggleik og beredskap, og samarbeid for å nå måla.

Ut frå desse perspektiva har regjeringa samla 72 forventningar under følgjande fem hovudområde:

- Samordning og samarbeid i planlegginga
- Trygge og inkluderande lokalsamfunn
- Velferd og berekraftig verdiskaping
- Klima, natur og miljø for framtida
- Samfunnstryggleik og beredskap

2.1.3 Forventningsbrev frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren minner i brev dat. 02.02.2024 om nokre av dei nasjonale måla som kommunen må legge til grunn for sine vurderingar i arbeidet med kommunal planstrategi.

Statsforvaltaren ventar at koplinga mellom ressursar og forbruk, både for areal, natur, personale og økonomi er realistisk, slik at dei kommunale planane er føreseielege. For at kommunen skal finne lokalt handlingsrom utan å kome i vesentleg strid med nasjonale interesser, tilrår Statsforvaltaren å kople lokale føringar og strategiar saman med nasjonale lover, rammer og andre føringar for planlegginga.

Statsforvaltaren oppmodar om å særleg vurdere:

- «Planvask» – korleis møter eksisterande planar dagens utfordringar? Er nokre av temaa under ikkje godt nok innarbeidd i planen (td. landbruk, naturmangfald og klima)?
- Klima – gjer venta endringar at utbyggingsområde er ueigna?
- Endringar i befolkningssamansetnaden – legg ein opp til rett vekst?
- Folkehelse – motverker kommunen sosial helseuliksskap?
- Beredskap – unngår kommunen uheldig samlokalisering (faresoner), er det lagt vekt på førebygging og legg dette nye føringar for omdisponert areal (landbruk)?
- Landbruksareal – kor mykje areal er sett av til andre føremål?
- Barn og unge – er konsekvensar for barn og unge lagt vekt på: område for leik, avstandar, tryggleik for mjuke trafikantar, integrering av barn som veks opp i fattigdom?
- Naturmangfald på land – er område med store verdiar tekne omsyn til, varetaking generelt og spesielt naturmangfald, nøkkelartar, truga artar osv.?
- Naturmangfald i sjø – er det sett av rett arealføremål, har kommunen kjennskap til naturmangfaldet og tek ein nok omsyn til vassressurslov og raudlista artar og naturtypar i sjø?
- Organisering – er kommunen budd på venta endringar?
- CRPD – korleis arbeider kommunen med å sikre rettane til folk med nedsett funksjonsevne?
- Massehandtering – unngår kommunen transport, ureining og lagringsbehov?
- Landskap – kva er særmerkt og korleis tek kommunen vare på dette?

Statsforvaltaren nemner vidare at å få utarbeidd eit arealrekneskap vil kunne bli ein viktig reiskap for vidare planlegging, og minner kommunane om at jordvern som tema har fått innskjerpa nasjonale mål. Til sist vert kommunane oppfordra til å vurdere korleis innhaldet i FN sin naturavtale frå 2022 skal følgjast opp lokalt.

2.2 Regionale føringar

2.2.1 Forventningsbrev frå Vestland fylkeskommune


Vestland fylkeskommune har i brev dat. 05.12.2023 komme med synspunkt til kommunane sitt arbeid med kommunal planstrategi. Brevet har innspel til kunnskapsgrunnlaget og til planstrategien innanfor følgjande tema: (1) Folkehelse, (2) klima, (3) infrastruktur og veg – mobilitet og kollektiv, (4) kultur (inkl. kulturminne og kulturmiljø, idrett og friluftsliv, inkludering og integrering), (5) verdiskaping, (6) vassforvaltning, (7) jordvern, (8) akvakultur, (8) arealrekneskap, og (10) «planvask».

2.2.2 Regional planstrategi: Utviklingsplan for Vestland 2024-2028

Gjeldande utviklingsplan for Vestland (2020-2024) har fire hovudmålformuleringar knytt til FN sine berekraftsmål:

- Mål 1: Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
- Mål 2: Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
- Mål 3: Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv i heile Vestland
- Mål 4: Like mogelegheiter til å delta i verdiskaping

Den regionale planstrategien/utviklingsplan for Vestland 2024-2028 vart sendt på høyring 12. juni 2024 og skal vedtakast i desember. Fylkeskommunen har laga ein utfordringsrapport som syner dei store samfunnsutfordringane og samanhengar mellom desse.



Figur 4. Illustrasjon over utfordringsområde i kunnskapsgrunnlaget.

Vestland sine seks breie utfordringsområde er vist i figuren over. Dei fleste utfordringane er komplekse og langsiktige, og må jobbast med over fleire politiske periodar. Nokre utfordringar har fått auka fokus gjennom ny kunnskap og målretta politikk, med høg prioritet no. Dette gjeld særleg

klima og naturmangfald, sosial ulikskap, og tryggleik og beredskap. For kvar utfordring er det formulert tre undertema som konkretiserer behovet for innsats. Samarbeid, kunnskapsutvikling og innovasjon skil seg ut som både ei utfordring og ein nøkkel til å møte dei andre utfordringane, i tråd med FN sitt berekraftsmål 17 om samarbeid.

2.2.3 Folkehelseoversikt for Vestland 2023-2027

Fylkesoversikta skisserer fire hovudutfordringar for folkehelsa i Vestland, som stemmer godt med funna i folkehersedokumentet til Askvoll kommune. Desse utfordringane er:

1. Sosial ulikskap i helse

Dette er den største folkehelseutfordringa vår i Vestland.

2. Demografiske endringar

Befolkningsamansetnaden i Vestland er i endring. Byrda på forsørgjarar aukar i takt med at det blir fleire eldre og færre yngre i fylket.

3. Psykisk helse og livskvalitet

God psykisk helse og livskvalitet er sosial berekraft i samfunnsutviklinga.

4. Klimaendringar

Også i folkehelsearbeidet må vi ha merksemd på klimaendringane, dei kan medverke til helsemessige problem og sosiale helseskilnader.

2.2.4 Regional plan for klima 2022-2035 – Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har utforma ein regional plan for klima, som stadfestar at Vestland skal vere ein ansvarleg pådrivar for nullutsleppssamfunnet. Planen inneheld retningslinjer som seier kva som er venta av regional og kommunal planlegging for å sikra oppfølging av klimamål i Vestland fylke. Regional plan for klima gjeld for heile Vestland og skal vise fylket sine ambisjonar innan klima- og miljøfeltet. Planen skal synleggjere ei langsiktig retning og forventning til samfunnsutvikling og planlegging i regionen.

Planen er definert gjennom fem prioriterte tema og mål:

- Redusere direkte klimagassutslepp
- Redusere klimafotavtrykket
- Trygt og robust Vestland
- Sikre naturmangfald
- Klimarettferd og folkehelse

2.2.5 Andre regionale planar

- Regional plan for fornybar energi 2023-2035
- Regional transportplan for Vestland fylke 2022-2033 (RTP)
- Fylkesdelplan for arealbruk Sogn og Fjordane
- Regional plan for berekraftig verdiskaping 2021-2033
- Regional plan for vassforvaltning Vestland 2022-2027
- Regional plan for kultur 2023-2035
- Regional plan for folkehelse i Sogn og Fjordane 2015-2025
- Regional strategisk plan for kysten 2018-2029

I tillegg kjem ei rekke regionale temaplanar og strategiplanar som òg legg føringar for samfunnsutviklinga.

2.3 Kommunale kunnskapsgrunnlag

- «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2023-2027»
- «Utviklingstrekk i Askvoll 2024» – kunnskapsgrunnlag for kommunal planstrategi
- Overordna ROS-analyse for Askvoll

For å kunne drive ei planlegging som er behovsstyrt, må kommunen ha kjennskap til både eksisterande situasjon og venta endringar framover. Mellom anna legg befolkningsamansetting, økonomi, organisering av tenester, arealressursar, geografi og naturmangfald føringar for handlingsrommet til kommunen, saman med lover og reglar.

3 Utviklingstrekk og utfordringar i Askvoll

For å sikre god oversikt og tverrfagleg forståing er det utarbeidd eigne statistikkdokument for Askvoll kommune. Dokumenta «Utviklingstrekk i Askvoll 2024» og «Folkehelseoversikt for Askvoll kommune 2023-2027» skal gje oss eit heilskapleg blikk og grunnlagsforståing for kvar vi er og kva som venter oss i åra framover.

Desse dokumenta viser ei rekkje indikatorar for befolkning, skule og utdanning, arbeids- og næringsliv, klima og energi, samferdsel, kultur og folkehelse. Hovudfokuset i kunnskapsgrunlaget er statistikk for Askvoll, med samanlikningar med nabokommunar og liknande kommunar i nærområdet og fylket. Dette gir eit breiare perspektiv på utviklinga vår og legg grunlaget for overordna og langsiktig planlegging. Under følgjer ei samanfatta skildring av hovudtrekka og utfordringane for Askvoll.

3.1 Folketalsutviklinga

Det er venta nedgang i talet på personar i aldersgruppa 18-67 år, noko som kan føre til redusert arbeidskraft og kommunale inntekter. For å møte denne demografiske utfordringa må vi ha ein effektiv helse- og omsorgssektor som kan tilby nødvendige tenester, tiltak for å sikre høg yrkesdeltaking for alle grupper og leggje til rette for at eldre kan vere sjølvhjelpne, bu heime lengst mogleg og bidra aktivt i lokalsamfunnet.

Det er knytt stor usikkerheit til folketalesutviklinga i Askvoll. Vi har klart å halde folketalet relativt stabilt til tross for negative framskrivingsprognosar, men det er også eit reelt sannsyn for nedgang i folketalet. Utviklinga har ført til ein skeiv alderssamansetnad der vi har fleire eldre enn unge. Framskrivingane syner at dette vil auke. Askvoll må ha innflytting og høg og positiv attraktivitet for busetting og næringsliv for å betre aldersamansettinga.

Fokus på attraktivitet – kva kan vere avgjerande?

Telemarksforsking framhevar moment som skapar attraktivitet: endringar, nyskaping og forbetringar, og peikar på fire kategoriar av attraktivitetsfaktorar som vist i tabellen under.

| Fire kategoriar av attraktivitetsfaktorar | |
|--|---|
| Areal og bygningar | Tilrettelegge attraktive areal for bustader, næringsverksemd, handel. Stimulere til bygging av bustader og næringsbygg. Næringshagar. |
| Amenitetar (stadlege gode, tilbod, tenester) | Skape nye attraksjonar, tilbod, forbetre kommunalservice, betre tenester til næringslivet, aktivitetar og kultur, møteplassar, liv i sentrum. |
| Omdøme | Skape eit positivt bilde av staden, bli vurdert som ein plass å flytte til, ein stad å besøke, ein stad å etablere bedrift. |
| Stadleg kultur og identitet | Lokal identitet, samarbeidsånd og tillit, optimisme, risikovilje, investeringslyst, interesse for å vere med å utvikle staden. |

Figur 5. Attraktivitetsfaktorar

Stadkvalitetar, miljø og sosiale forhold er blitt viktigare for kvar folk vil bu. Stadutvikling, estetisk miljø og god tilgjengelegheit for alle er viktig for attraktivitet og livskvalitet. God forvaltning av kyst- og øykultur, kulturarv, natur- og miljøkvalitetar kan òg gjere ein skilnad. Forbetring av kultur og identitet kan betre omdøme og auke attraktiviteten for bustad, næring og besøk. Sosiale og kulturelle møteplassar, aktivitetar og tilbod er viktig. Nabolaget har ikkje berre betydning for trivsel og tilhøyrslse, men òg for skuleresultata til born og unge. Askvoll har gode tradisjonar med stor frivillig

innsats, ein ressurs som byggjer attraktive lokalmiljø. Korleis ein kan trygge og utvikle denne innsatsen bør få fokus.

3.2 Folkehelse og levekår

Helsetilstanden i Askvoll er generelt god, men dei økonomiske skilnadane har vakse, og fleire lever no i hushald med låg inntekt. Dette er noko som kan påverke helse og samfunnsdeltaking negativt. Ein del av årsaka er truleg auka inntak av flyktningar. Einsemd og psykiske helseutfordringar blant unge er aukande, og kommunen må fokusere på meistring, tilhøyrse og positive relasjonar.

God utdanning er viktig for livskvalitet. Trivsel blant ungdomsskuleelevar har gått ned, og fleire fullfører ikkje vidaregåande opplæring. Om lag éin av ti står utanfor utdanning og arbeid. Å stå utanfor viktige samfunnsarenaer er ei belastning for enkeltmenneske og eit ressurstap for samfunnet. Hovudutfordringane er utanforskap og sosial ulikskap i helse, inntekt, bustad og samfunnsdeltaking. Redusert ulikskap i levekår vil sikre like moglegheiter og fremje folkehelsa. Integreringspolitikk og rett utdanningstilbod blir viktig for å møte framtidige kompetansebehov grunna den demografiske utviklinga.

Fleire overlever alvorleg sjukdom, og talet på eldre aukar kraftig dei neste 30 åra, noko som fører til fleire kroniske sjukdommar og andre helseproblem. Kommunen må ha effektive helse- og omsorgstenester. Den fysiske aktiviteten i befolkninga er låg blant mange og overvekt ser ut til å auke, noko som kan førebyggast gjennom endra livsstil og meir fysisk aktivitet.

Ungdataundersøkinga i 2024 viser redusert trivsel blant ungdom, auka rusmiddelbruk og fleire psykiske plager. Tidleg, tverrfagleg innsats i oppveksten er viktig for meistring og motivasjon. Helsestasjon, barnehage og skule spelar ei viktig rolle, men dette krev tid, ressursar og kompetanse. Vidare satsing på sosial kompetanse og grunnleggande ferdigheiter er nødvendig.

3.3 Samferdsel, samfunnsutvikling og bustadstruktur

Sentrale føringar legg opp til fortetting og transformasjon innanfor eksisterande byggeområde, før nye område vert tekne i bruk. Omsyn til klima, natur og energibruk må vektleggast i val av utbyggingsstruktur og tettstadutvikling. Eit noko meir konsentrert utbyggingsmønster kan redusere transportbehov, gje betre grunnlag for kollektivtilbod, auke bruk av gonge og sykkel som transportform, og utnytte sosial og teknisk infrastruktur på ein betre måte.

Gode lokalsamfunn krev nære tilbod, tenester og infrastruktur. Utviklinga i bustadmarknaden påverkar attraktiviteten til stadar, og kor det er mogleg å busette seg. Bustadstrukturen i Askvoll består hovudsakleg av einestadar i eit svært spreidd busettingsmønster. Levedyktige bygder med utviklingspotensiale treng attraktive bustadtomter. Det manglar attraktive byggjeklare tomter i vekstområde og det er behov for fleire sentrumsnære bustadar med ulike storleikar og kvalitetar.

Stadig fleire eldre klarer seg utan tenester. Askvoll treng ein sirkulasjon av bustader for ulike livsfasar og fleire eigna bustader for eldre. Ein betre bustadpolitikk kan bidra til at fleire klarer seg utan kommunale tenester. Innbyggjarar i alderen 67-79 år må gjere gode bustadval for å klare seg sjølv etter fylte 80 år.

Ferje- og busstilbodet er lite frekvent og står i fare for reduksjon. Det er kostbart å vedlikehalde vegar, men trygge vegar og gang- og sykkelvegar aukar attraktiviteten for sykling, gonge og

kollektivtransport. Klima- og miljøvenleg utbygging reduserer transportbehovet og klimagassutslepp, og sparar areal. I planarbeidet er det viktig å finne ein balanse mellom klima- og miljøomsyn, service- og tenestetilbod og omsyn til å oppretthalde den eksisterande spreidde strukturen.

3.4 Næringsliv og sysselsetjing

Kommunen har hatt låg arbeidsplassvekst dei siste åra og relativt få nyetablerte verksemder. Enkelte bransjar og verksemder har vanskar med å rekruttere relevant arbeidskraft, og kommunen har relativt få kompetanseintensive næringar med behov for arbeidstakarar med høgare utdanning. Lite mangfald blant bedriftene gjer det utfordrande å tiltrekke seg nye innbyggjarar og skaffe arbeid til to. Betre kommunikasjonar på sjø og land er viktig for dei som må pendle ut av kommunen for å finne høveleg arbeid.

God infrastruktur og langsiktige og stabile rammer er vesentleg for næringslivet. Kommunen har ei viktig oppgåve med å legge til rette for dei som vil etablere seg og skape vekst i både nye og eksisterande næringar.

3.5 Klimaendringar og klimatilpassing

Globale klima- og miljøutfordringar påverkar òg Askvoll. Klimaendringar fører til hyppigare naturhendingar som styrtregn, flaum, ras og skred, som kan skade bygg, infrastruktur, natur- og kulturmiljø. Havstigning og stormflo aukar. Desse naturfarane må planleggjast for.

Forventa klimaendringar med auka temperaturar, meir nedbør og meir intens nedbør, stormflo, skred og tørkeperiodar vil påverke både natur og samfunn. Både eksisterande og nye bygg anlegg må tilpassast klimaendringane. Kommunen må gjere vurderingar og tiltak på alle område og sektorar. Askvoll har mange sysselsette i naturbaserte næringar og er avhengig av at desse næringane vert minst moglege råka av klimaendringar og klarer seg i overgangen til eit lågutsleppssamfunn.

Klimagassutsleppa per innbyggjar i Askvoll er høge samanlikna med landssnittet, mest frå sjøfart, vegtransport og landbruk. Kommunen må bidra til reduksjon av utslepp, meir effektiv energibruk og miljøvenleg energiomlegging. Offentlege innkjøp bør vere berekraftige og klimavenlege.

Viktige tema som berekraft, klima, naturmangfald og folkehelse krev tverrfagleg kunnskap og innsats. Tiltak som har positiv effekt på eitt tema, kan ha negativ effekt på andre tema. For å løyse utfordringane må ein sjå samfunnsutviklinga i samanheng, og ha fokus på berekraft i alt planarbeid.

3.6 Kommunal tenesteyting

Kommunen får stadig fleire lovpålagte oppgåver, samtidig som den statlege styringa og krav til oppgåveløysing på enkelte felt har vakse. Internasjonal uro, med tilhøyrande dyrtid, og auke i tal flyktningar, har forsterka utfordringane. Sjølv om Norge er gunstig stilt i høve til kringliggande land, med låg arbeidsløyse, og relativt stabil og god nasjonaløkonomi, slit mange av distriktskommunane med nedgang i folketal, ein aldrande folkesetnad, og har store utfordringar med å rekruttere naudsynt arbeidskraft. Effekten av dei nemnde tilhøva verkar negativt inn på kommunen sin samla økonomiske bereevne. Dette vil òg ytterlegare svekke den kommunale handlefridomen, då stadig meir av dei samla kommunale ressursane vert retta inn mot dei lovpålagte velferdstenestene.

3.6.1 Helse og omsorg

Tenesteområdet består mellom anna av legeteneste, helsestasjon, fysioterapi, psykisk helse- og rusarbeid, frivilligsentralen, heimesjukepleie, heimhjelpa, ergoterapi, teneste til personar med funksjonsnedsetting, aktivitetssenter, støttekontakt, avlasting, institusjonsomsorga, og aktivitørtenesta. Tenesta representerer i dag om lag 41% av brutto utgifter i kommunen.

Askvoll kommune har ein høg del eldre samanlikna med kommunegruppa, og landet elles. Tilhøva mellom tal innbyggjarar over 67 år og tal yrkesaktive, vil endre seg mykje for kommunen frametter. Dette vil forsterke presset mot helse- og omsorgstenestene. Sjølv om helsetilstanden hjå eldre generelt er betre i dag enn kva tilfellet har vore tidlegare, har vi ein tydeleg auke i kroniske og alderstilknytte sjukdommar. Det er venta meir enn ei dobling av tal personar med demens innan år 2050.

Den generelle trenden med auke i tal eldre vil forsterke utfordringane med å rekruttere naudsynt fagkompetanse. Det er difor sett i verk fleire tiltak for å auke rekruttering av fagkompetanse. Motivering og tilrettelegging for at tilsette tek utdanning, stipendordning med bindingstid for personar som tek sjukepleie og vernepleiarutdanning, og endra turnus er døme på tiltak som har gjeve gode resultat, og som er ønskjeleg å fortsette med.

Fysioterapitenesta i samarbeid med ergoterapitenesta, folkehelsekoordinator, nærmiljøsentralen, læring- og meistringssenteret og ressurspersonar med spesialistkompetanse har starta eit samarbeid om styrking av førebyggjande arbeid og lærings- og meistringaktivitetar. Det er ønskjeleg å arbeide meir kring dette feltet i tida frametter.

Den demografiske endringa inneber òg behov for fokus på bustadpolitikken i kommunen. Det vil bli auka behov for bustadar nær tenestene og sørvisfunksjonar. Både bustadar for eige og leige for at eldre skal kunne flytte i meir tilpassa bustadar. Ein bustadpolitikk med dette fokuset vil redusere trykket på både heimetenester og institusjonsplassar, og vere kostnadssparande. Det vil bli behov for tilrettelagde bustadar for personar med omfattande hjelpebehov. Kommunen vil få eit høgare tal eldre med demenssjukdommar, og dette reiser eit behov for bustadar/bufellesskap med eit omsorgsnivå som ligg mellom institusjon og omsorgsbustadar.

3.6.2 Oppvekst

Tenesteområdet består mellom anna av grunnskuleopplæring, SFO, kulturskule, barnehage og bibliotektenester. Tenesta representerer i dag om lag 29% av brutto utgifter i kommunen.

Tal born og unge i kommunen vert venteleg redusert med om lag 100-120 fram mot 2050. Dei siste åra har det vore ein stor auke i tal born som har behov for særskilte tiltak. Mange av dei har behov for tilrettelegging som krev kompetent tverrfagleg innsats. Det vert viktig å ressurssette desse behova frametter. Oppvekst arbeidar løpande med kompetanseheving av medarbeidarane og fornying av læremiddel. Skulane sine uteområde er viktige arenaer for lek, meistring og trivsel. Betre tilrettelegging for helsefremjande aktivitet vil vere naudsynt i tida frametter, òg for born og unge. Ei god tilrettelegging, og godt vedlikehald, av uteområde, bør vere eit viktig fokusområde i tida frametter.

Kulturskulen merkar auka interesse for sine tilbod, i tida frametter ønskjer tenesta å arbeide for å vidareutvikle tilbodet.

Bibliotektenesta sine utfordringar er i dag først og fremst knytt til behovet for ein meir permanent lokalitet som tek i vare både omsynet til folkebibliotek og skulebibliotek.

3.6.3 Samfunn og teknikk

Tenestområdet består i dag av landbrukstenestene, teknisk drift, bygg og eigedom og driftssentralen. Tenesta representerer 10,15% av brutto utgifter i kommunen. Tenestene er i dag inne i ein fase med omstrukturering.

Landbrukstenesta er i dag eit interkommunalt samarbeid med Fjaler og Hyllestad kommune, med kontorstad i Askvoll. Tenesta representerer i dag ei næring med 284 føretak, som er viktig for sysselsetting, matproduksjon, busetting og oppretthald av kulturlandskapa. Å sikre ei forsvarleg veterinærteneste er eit viktig satsingsområde, då dette er kritisk for næringa. Den tradisjonelle landbruksnæringa har lenge vore under press, og har bevega seg mot større einingar og vekst i produksjonsvolum for å sikre eit leveleg økonomisk grunnlag. Frametter er det ynskjeleg å legge til rette for ei meir differensiert verdiskaping for å redusere sårbarheita til næringa.

Tenesta teknisk drift og driftssentralen syter for at dei kommunale tenestene, anlegg og byggverk kan drivast som dei er tenkt, og gjennomfører større og mindre vedlikehald på kommunale bygg og anlegg.

Bygg og eigedom har i dag ansvar for kommunal planlegging, sakshandsaming knytt til bygge- og delesaker, samt oppdateringa av eigedomsregisteret til kommunen. Tenesta er mykje brukt av kommunen sine innbyggjarar, og andre som har eigedomsinteresse i kommunen. Frametter er det ønskjeleg å arbeide for digitalisere meir av tenestene. Det er i dag eit stort etterslep på vedlikehaldet til kommunal eigedomsmasse. Frametter er det ønskjeleg å få etablert gode system for registrering av tilstand, og prioritere innsats der det er mest kritisk.

3.6.4 Sentraladministrasjonen, Interkommunale tenester og finansielle føremål

Tenesta består i dag av kommunal leiing, arbeid og velferdsordninga i Norge (NAV), kommunen si økonomiforvaltning, interkommunale samarbeid, samt integrering- og flyktningetenesta. Tenestene representerer om lag 20,7% av kommunen sitt brutto budsjett.

4 Askvoll kommune sitt planverk

4.1 Gjeldande planstrategi (2020-2023)

I tabellen under er ei oversikt over planar som skulle utarbeidast i følgje planstrategien 2020-2023, og status på planarbeidet pr. november 2024. Det er utarbeidd nokre planar som ikkje sto i planstrategien (merka med «NY»). Det er òg nokre vedtekne planar som ikkje kom med på lista i planstrategien (merka med *).

| Etat (ansvar for gjennomføring) | Plan | Plan-type | Oppfølging/status |
|---------------------------------|---|-----------|---|
| Bygg- og eigedom | Kommuneplan – Samfunnsdelen | K | Vedteken i 2023 |
| | Kommuneplan – Arealdelen | K | Revisjon starta i 2023 |
| | Klima og energiplan (som ein del av samfunnsdelen) | KD | Delvis innarbeidd i samfunnsdelen (vedteken i 2023) |
| | Områderregulering for Olsetvikane | R | Ikkje starta |
| | Områderregulering for bustadfelt ved Askheia | R | Ikkje starta |
| | Detaljregulering for Prestemarka (barnehage) | R | Vedteken i 2022 |
| | Detaljregulering for fv 5659 – strekninga sentrum - Gamlekaia | R | Tiltak utført utan trong for reguleringsplan |
| | Detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge | R | Starta |
| | Detaljregulering for gang- og sykkelveg til Ask | R | Grunnlagsmateriale påbegynt |
| | Detaljregulering for Høgda (bustadfelt) | R | NY. Vedteken i 2020 |
| | Vedlikehaldsplan for kommunale bygg 2023-2027 | T | NY. Vedteken i 2022 |
| Rådmann | Overordna ROS (årleg) | | |
| | Kommunedelplan idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet (2023-2026) | KD/T | Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv 2024-2032 vedteken i 2024. |
| | Plan for informasjonssikkerheit (årleg) | T | |
| | Lønspolitisk plan (årleg) | T | |
| | Alkoholpolitisk handlingsplan | T | Alkoholpolitiske retningslinjer 2024-2028 vedteken i 2024 |
| | Kulturminneplan (2024-2027) | T | Revisjon starta i 2024 |
| | Næringsplan | T | Ikkje starta. Delvis innarbeidd i samfunnsdelen (vedteken i 2023) |
| | Mineralstrategi for Naustdal og Askvoll kommunar | T | *Interkommunal plan, vedteken i 2018 |
| | Plan for ro- og padleruter og plan for friluftslivets ferdelsårer | T | NY. Starta, venta ferdig vinter 2024 |

| | | | |
|------------------|---|----|---|
| Oppvekst | Sektorplan for oppvekst | T | |
| | Kompetanseplan for skulen | T | |
| | Strukturplan for barnehagar | T | |
| | Bibliotekplan | T | Vedteken i 2020 |
| | Handlingsplan mot mobbing | T | |
| Helse- og omsorg | Helse- og omsorgsplan 2021 – 2030 | KD | |
| | Plan for habilitering/ rehabilitering | T | |
| | Smittevernplan | T | |
| | Plan for psykisk helse | T | |
| | Demensplan | T | |
| | Handlingsplan for sjølvmoordsførebygging 2022-2025 | T | NY. Vedteken i 2021 |
| | Strategisk handlingsplan «Leve heile livet» 2022-2026 | T | NY. Vedteken i 2022 |
| | Vald i nære relasjonar, handlingsplan 2018-2022. | T | Interkommunal mal/rammeplan i HAFS med eigen handlingsplan for Askvoll. Verktøy for å styrke og samordne den kommunale innsatsen mot vald i nære relasjonar. Tiltaksdelen er sist rullert i 2018. |
| | Kompetanseplan for helse og omsorg | T | Under arbeid |
| NAV | Førebyggande plan | | NY. Førebyggande plan. Interkommunal plan er vedtatt, medan lokal handlingsplan er i prosess. |
| | Rusmiddelpolitisk handlingsplan | T | Vedteken i 2020 |
| Landbruk | Bustadsosial handlingsplan | T | Bustadplan – planarbeid starta i 2021 |
| | Landbruksplan | T | Revisjon ikkje starta |
| | Kommunalt måldokument for forvalting av hjortevilt | T | Vedteken i 2021. Revisjon starta i 2024. |
| Teknisk drift | Forvalting av tiltak i landbrukets kulturlandskap | T | Interkommunal plan. Overordna retningsliner for SMIL, NMSK og tilskot i beiteområde vedteken i 2021. Revisjon starta i 2024. |
| | Trafikktryggingssplan (del av hovudplan for vegar) | T | Revisjon ikkje starta |
| | Hovudplan for vegar | T | Revisjon starta i 2024 |
| | Hovudplan for kommunale vassverk | T | Hovudplan vassforsyning vedteken i 2023 |
| | Hovudplan kommunale avlaupsanlegg | T | Revisjon ikkje starta |

(K=kommuneplan, KD=kommunedelplan, R=reguleringsplan, T=tema- og sektorplanar)

4.2 Prioritering av planinnsats

Planstrategien skal vise dei offentlege og overordna planane som kommunen ønskjer å prioritere i komande kommunestyreperiode. Erfaringar frå planarbeid i sist kommunestyreperiode er mellom anna:

- Planlegging tek tid og ressursar, vi må prioritere kva områder vi skal planlegge for og kva svar planane skal gje oss.
- Plansystemet i kommunen er omfattande, og det er behov for å gjennomgå mangfaldet av planar for å rydde og forenkle plansystemet.
- Vi bør integrere dei kommunale tenestene betre i det kommunale plansystemet gjennom å nytte verksemdsplanar som styringsverktøy i staden for sektorvise temaplanar og handlingsplanar.

Arealstrategiske prioriteringar

Askvoll har eitt kommunesenter og seks lokalsenter definert i gjeldande samfunnsdel av kommuneplanen. I sentera skal vi legge til rette for kvardagstilbod, og styrke lokalsentera med bustader tett på kvardagstilboda. I nokre av lokalsentera kan det vere behov for at kommunen utarbeider arealplanar for å oppnå målsettingane i samfunnsdelen. I bygdene skal vi legge til rette for eit busetnadsmønster som opnar både for fortetting i etablerte bustadområde og noko spreidd busetnad. Dette er eit viktig tema i arbeidet med arealdelen av kommuneplanen.

I 2023 kom det ei ny lov om kommunane sitt ansvar innan det bustadsosiale arbeidet, med ei tydeleg innstramming av kommunane si plikt til bustadsosial planlegging. Dette utfordrar oss i korleis vi skal arbeide med bustadplanlegginga generelt. Den nasjonale satsinga på «trygge og gode bustader for alle» skal gje høve til å delta aktivt i arbeidsliv, ha skulegang og ha samvær med andre. Nokre av desse utfordringane kan løysast med god arealplanlegging.

4.3 Vurdering av planbehov

4.3.1 Kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen er det overordna politiske styringsdokumentet i kommunen og gjev langsiktige rammer for utvikling av kommunesamfunnet som heilskap og forvaltninga av arealressursane i eit 10-12 års perspektiv. Den omfattar samfunnsdel, arealdel og handlingsdel. Andre planar i kommunen skal byggje vidare på og konkretisere innhaldet i samfunnsdelen.

Samfunnsdelen inneheld mål og strategiar for kommunen si utvikling.

Samfunnsdelen vart vedteken i 2023, og inneheld visjon, mål og strategiar innanfor fire satsingsområde. Kwart satsingsområde har eit hovudmål og til kvart hovudmål er det utarbeidd to delmål og strategiar som skal bidra til å nå hovudmålet.

Visjon

Trivsel i levande bygder – med rom for eventyr!

Satsingsområde:

1. Levande bygder og gode nærmiljø

HOVUDMÅL: Askvoll skal ha levande bygder og gode nærmiljø prega av trivsel, identitet, engasjement, frivillig arbeid og samhald.

2. Attraktivt næringsliv og god infrastruktur

HOVUDMÅL: Askvoll skal ha eit attraktivt næringsliv og god infrastruktur som støttar opp under næring og busetnad

3. Klima og miljø

HOVUDMÅL: Askvoll møter lokale og globale klima- og miljøutfordringar med berekraftige løysningar

4. Kommuneorganisasjonen

HOVUDMÅL: Askvoll kommune skal ha gode tenester for alle

Samfunnsdelen inneheld arealstrategiar som vidarefører og konkretiserer delar av satsingsområda i høve til arealbruk. Arealstrategiane inneheld prinsipp for arealbruken i kommunen og legg sterke føringar for arealdelen av kommuneplanen og sakshandsaminga knytt til arealbruk. Arealstrategiane støttar samfunnsmåla og dekkjer tema som utbyggingsmønster, senterstruktur, bustader, næringsutvikling, fritidshus, strandsone og natur- og kulturlandskap.

Planbehov: Samfunnsdelen vart utforma i ein godt gjennomført prosess, og er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med samfunnsutvikling i Askvoll. Kunnskapsgrunnlaget til planstrategien viser at utfordringane og fortrinna er stort sett like no som då arbeidet med samfunnsdelen starta. Planen byggjer på berekraftsmåla og samsvarer bra med dei fem hovudområda i dei nasjonale forventningane (jf. kap. 2). Vi vidarefører gjeldande samfunnsdel, og rettar innsatsen i denne kommunestyreperioden mot å jobbe målretta med å følge den opp.

4.3.2 Arealplanar

Arealdelen av kommuneplanen bestemmer bruken av areal i heile kommunen. Planen styrer den langsiktige arealutviklinga, og skal sikre at arealbruken i kommunen bidrar til å nå mål og strategiar i samfunnsdelen. Arealdelen vart sist vedteken i 2015. Planen har fokus på at det skal vere høve til å byggje særleg bustadar både i byggjefelt og spreidd i alle bygdene.

Reguleringsplan er ein arealplan som skal følgje opp arealdelen, og viser detaljert arealbruk for eit avgrensa område. Reguleringsplan kan utformast som områderegulering eller detaljregulering. Kommunen har om lag 120 vedtekne reguleringsplanar.

Planbehov: Revidering av arealdelen er i gang. Oppstart av planarbeidet vart vedteken i oktober 2023 og planprogram vart fastsett i februar 2024. Planarbeidet har fokus på vidareføring av utbyggingsstrukturen i kommunen og meir tydelege og treffande føresegner. Samtidig har det komme nye føringar om å avgrense nedbygging av natur som vil bli vektlagt i planarbeidet. Det skal ikkje settast av meir areal til utbyggingsføre mål enn det som er nødvendig og realistisk. Vi vil òg ha fokus på å legge til rette for å byggje tettare og høgare og med mindre bueiningar/varierte bustadtypar, med bakgrunn i dei demografiske endringane som skjer.

Som del av arbeidet med revidering av arealdelen vil det bli gjennomført planrevisjon – «planvask». Det vil seie at vi går gjennom alle reguleringsplanar og vurderer om dei er i samsvar med dei overordna føringane som gjeld i dag, om dei følgjer opp målsettingane i samfunnsdelen, og om dei har brukbar planteknisk kvalitet, slik at byggjesakshandsaminga ikkje vert unødvendig komplisert. I høve til overordna føringar er det særskilt naturmangfald, jordvern og klimatilpassing/samfunnsstryggleik som kan vere mangelfullt vurdert i eldre planar. Resultatet av planrevisjonen vil vere at nokre reguleringsplanar kan vidareførast uendra, medan andre reguleringsplanar må opphevast. Det må då vurderast om delar av innhaldet i reguleringsplanen skal innarbeidast i arealdelen. Planrevisjonen kan då òg føre til at det må utarbeidast nye reguleringsplanar.

Utarbeiding av kommunale reguleringsplanar som må prioriterast:

- Detaljregulering for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge. Vegvesenet har signalisert at det ikkje vert godkjent meir utbygging i området før trafikktryggleiken vert betre. Dette gjeld spesielt svingen ved Bakkeneset, Kloppasvingen.
- Detaljregulering for Røverompa barnehage

4.3.3 Økonomi- og handlingsplan, verksemdsplanar og øvrige planar

Økonomi- og handlingsplanen omfattar heile kommunen si verksemd, og samlar handlingsdelen av kommuneplanen, økonomiplan og årsbudsjett i eitt dokument. For å følgje opp måla og strategiane i samfunnsdelen og alle dei andre planane til kommunen, må kommunen velje kva slags tiltak som skal gjennomførast. Alle desse tiltaka, både økonomiske og ikkje-økonomiske, må finne vegen inn i økonomi- og handlingsplanen for å kunne realiserast. Planen omfattar ein 4-års periode, og vert revidert kvart år.

Kommunen har i dag mange ulike planar. Kommunedelplanar (tematisk kommunedelplan eller kommunedelplan for areal) vert utarbeidd med prosess som følgjer plan- og bygningslova. For andre planar er det nytta ei rekkje omgrep – tematisk plan, sektorplan, fagplan, hovudplan, handlingsplan, strategi(plan) mm.. Det er ingen fast definisjon på innhald og planprosess for desse. For kommunen sine planar er omgrepa brukt litt tilfeldig. Det varierer om planane inneheld langsiktige mål og strategiar eller berre tiltak, og det er ikkje alltid skilt mellom desse. Kommunen må redusere tal planar og tiltak, og arbeide systematisk for å betre samanhengen mellom samfunnsdelen, andre planar og budsjett.

Verksemdsplan er eit administrativt verktøy og ein del av kommunen sitt styringssystem. Planen skal sikre samheng mellom organisasjonen sine mål, tiltak og resultat, samt oppfølging av politiske vedtak, lover og forskrifter. Mål, strategiar og oppdrag frå kommuneplanen, temaplanar og handlingsprogram skal følgast opp og implementerast i verksemdene gjennom verksemdsplanar. I samband med etableringa av verksemdsplanar vert det arbeid med å etablere tiltak som skal svare ut eksisterande målsettingar i kommuneplanens samfunnsdel. Det er stort behov for å rydde i gjeldande handlingsplanar og avstemme desse mot målsettingane som vart vedtekne i kommuneplanen sin samfunnsdel (2023). Dette arbeidet vert gjennomført i samband med etablering av verksemdsplanar.

Verksemdstyring femnar all aktivitet knytt til leiing, planlegging og styring av drifts- og utviklingsoppgåver.

Planbehov:

- Verksemdsplan for helse og omsorg.
- Verksemdsplan for oppvekst
- Verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Verksemdsplan for sentraladministrasjonen.

Til verksemdsplanane for helse og omsorg, oppvekst og samfunn og teknikk:

- Førebyggande plan. Interkommunal plan er vedtatt, medan lokal handlingsplan er i prosess. Dette er eit tverretatleg samarbeid og inneber tidleg innsats for barn og unge. Vidare

oppfølging bør vere integrert i verksemdsplanane for helse og omsorg, oppvekst, og samfunn og teknikk.

Til verksemdsplanane for helse og omsorg og oppvekst:

- Handlingsplan for sjølvmoordsførebygging 2022-2025. Vedtatt 15.12.2021. Planen inneheld 16 konkrete tiltak for kva Askvoll kommune skal gjere for å førebyggje mot sjølvmoord i framtida. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplanane til helse og omsorg og oppvekst.
- Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2020-2023. Vedtatt 29.06.2020. Vidare oppfølging bør vere integrert i verksemdsplanane til helse og omsorg og oppvekst.

Til verksemdsplanane for helse og omsorg og samfunn og teknikk:

- Strategisk handlingsplan «Leve heile livet» 2022-2026. Vedtatt 23.03.2022. Planen inneheld fem satsingsområde med tilhøyrande strategiar og over 60 føreslegne tiltak. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplanane for helse og omsorg og samfunn og teknikk.
- Bustadplan. Den bustadsosiale handlingsplanen vart byrja på i 2021, men vart ikkje gjort ferdig. Vidare oppfølging bør vere integrert i verksemdsplanane til helse og omsorg og samfunn og teknikk.

Til verksemdsplan for helse og omsorg:

- Vald i nære relasjonar, handlingsplan 2018-2022. Interkommunal mal/rammeplan i HAFS med eigen handlingsplan for Askvoll. Verktøy for å styrke og samordne den kommunale innsatsen mot vald i nære relasjonar. Tiltaksdelen er ikkje rullert sidan 2018. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplan til helse og omsorg.
- Kompetanseplan for helse og omsorg. Bør integrerast i verksemdsplan til helse og omsorg.
- Smittevernplan. Bør integrerast i verksemdsplan til helse og omsorg.
- Plan for habilitering/rehabilitering. Bør integrerast i verksemdsplan til helse og omsorg.
- Plan for heilskapleg demensomsorg. Bør integrerast i verksemdsplan til helse og omsorg.
- Plan for psykisk helse. Bør integrerast i verksemdsplan til helse og omsorg.

Til verksemdsplan for oppvekst:

- Bibliotekplan 2021-2024. Vedtatt 19.11.2020. Temaplan for det kommunale folkebiblioteket. Inneheld fem satsingsområde med tilhøyrande målsettingar og 24 føreslegne tiltak. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplan til oppvekst.
- Som del av verksemdsplan for oppvekst skal ein vurdere skulestruktur.

Til verksemdsplan for samfunn og teknikk:

- Kulturminneplan 2024-2032. Revisjon av kulturminneplanen for 2019-2023 er starta opp. Framlegg til planprogram vart vedtatt lagt ut til offentleg ettersyn i juni 2024. Planen vil innehalde eit handlingsprogram som vert integrert i verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Klima, energi og miljøplan. Gjeldande klima- og energiplan blei vedteken i 2011. Vesentlege overordna mål er no innarbeidd i samfunnsdelen. Det er behov for å konkretisere tiltak for å nå måla, og det må gjerast vurderingar i høve til temaet i alt planarbeid i kommunen, innanfor alle sektorar. Arbeidet bør integrerast i alle dei fire verksemdsplanane.

- Plan for ro- og padleruter og plan for friluftslivets ferdselsårer. Begge planane er i prosess og venta ferdig vinter 2024. Vidare oppfølging bør vere integrert i verksemdsplan til samfunn og teknikk.
- Hovudplan for kommunale vegar. Denne er frå 2002. Har aktiv trafikktryggingsplan som er oppgradert og fungerande for 2019-2022. Vidare oppfølging bør vere integrert i verksemdsplan til samfunn og teknikk.
- Hovudplan for kommunal vassforsyning. Vedtatt i 2023. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Hovudplan for avlaup. Bør integrerast i verksemdsplan til samfunn og teknikk.
- Landbruksplan 2015-2019. Bør integrerast i verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Kommunalt måldokument for forvaltning av hjorteviltet 2021-2024. Vidare oppfølging vert integrert i verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Overordna retningsliner for SMIL, NMSK og tilskot i beiteområde. Interkommunal plan. Bør integrerast i verksemdsplan for samfunn og teknikk.
- Eigedomsstrategi.

Til verksemdsplan for sentraladministrasjonen:

- Overordna ROS-analyse. Ein del av det overordna beredskapsplanverket til kommunen. Bør integrerast i sentraladministrasjonen sin verksemdsplan.
- Plan for samfunnssikkerheit og beredskap. Bør integrerast i sentraladministrasjonen sin verksemdsplan.
- Alkoholpolitiske retningsliner 2024-2028. Vedtatt 19.06.2024. Omhandlar utøvande alkohol- og løyvepolitikk og kontroll av sals- og skjenkestadar etter den alkohollovgevinga som til ei kvar tid gjeld. Bør integrerast i sentraladministrasjonen sin verksemdsplan.

5 Planoppgåver 2024-2027

Tabellen under viser kva kommunale planer som skal utarbeidast og reviderast i planperioden. Ei markering (x) i kolonne for årstal, viser kva år det er planlagt å ferdigstille planen. Fleire av planarbeida er avhengig av ressursar og medverknad med eksterne parter. Det vil dermed kunne komme endringar i forhold til tidspunkt for ferdigstilling.

| Kommuneplan | Om planen/status nov. 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Ansvar |
|--|--|------|------|------|------|--------------------|
| Kommuneplanen sin arealdel (KPA) | Planprogram vedtatt. Arbeid med planen er i prosess. | | x | x | | Samfunn og teknikk |
| Kommunedelplanar | Om planen/status nov. 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Ansvar |
| Kulturminneplan 2024-2032 | Planprogram på høyring. Arbeid med plan er i prosess. | | x | | | Samfunn og teknikk |
| Reguleringsplanar | Om planen/status nov. 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Ansvar |
| Reguleringsplan for gang- og sykkelveg frå Holmedal sentrum til Boge | | | x | | | Samfunn og teknikk |
| Reguleringsplan for Røverompa barnehage | | | x | | | Samfunn og teknikk |
| Tema- og strategiplanar | Om planen/status nov. 2024 | 2024 | 2025 | 2026 | 2027 | Ansvar |
| Verksemdsplan helse og omsorg | | | x | | | Helse og omsorg |
| Verksemdsplan for oppvekst | | | x | | | Oppvekst |
| Verksemdsplan for samfunn og teknikk | | | x | | | Samfunn og teknikk |
| Verksemdsplan for sentraladministrasjon | | | x | | | Kommunedirektør |
| Førebyggjande plan | Interkommunal plan ferdig. Lokal handlingsplan i prosess | | x | | | Helse og omsorg |